

"Kjem eg opp til eksamen, skal tru?"

"Kjem eg opp til eksamen, skal tru?"

Mange i ariet hadde nok den tanken i hovudet når klokka dreia seg mot 14.30, for i dag vart det klart kven som kom opp i kva for ein eksamen.

Nokre av elevane gjekk ut i regnet og hadde kanskje same kjensla som fargen ute: grå og trist. Andre var glade for at dei hadde kome opp i akkurat dét faget og ikkje dét. Andre var strålendes glade fordi dei kunne gå heim og ta ei ekstra lang pinsehøg.

Etterpå summa det i gangane rundt lærarane som hadde fått opp sine elevar.

VK2-elevane skal opp i to norskeksamemar, ein eksamen i eit studieretningsfag og ein munnleg eksamen.

VK1-elevane skal opp i ein eksamen, anten skriftleg eller munnleg.

VG1-elevane hadde sjans til å kome opp i engelsk skriftleg, 29 elevar var så heldige. Dei resterande kan kome opp i naturfag eller engelsk munnleg.



2007.05.24 15:23

Nei